



RETNINGSLINJER FOR AMBULERANDE SKJENKELØYVE OG LØYVE FOR ENKELTHØVE I FEDJE KOMMUNE

- 1) Fedje kommune kan tildela ambulerande løyve for skjenking av all alkoholhaldig drikk til deltakarar i slutta selskap til bruk på stader som vert godkjent for eit enkelt høve.(Alkohollova § 4-5)
- 2) Fedje kommune kan tildela løyve ved einskildarrangement for all alkoholhaldig drikk til deltakarar i opne arrangement, til bruk på stader som vert godkjent for eit enkelt høve. (Alkohollova §1-6)
- 3) Den som søker ambulerande løyve eller løyve for enkelthøve må vere over 20 år.
- 4) Tidsramma for skjenking ved ambulerande løyve eller løyve for enkelthøve skal samsvare med faste skjenkeløyve i kommunen. Dette gjeld alle typar alkohol, og gjeld både inne- og uteservering.
- 5) Løyveperioden går ut 30. september 2024.
- 6) Søknad om ambulerande løyve eller løyve for enkelthøve skal setjast fram skriftleg seinast 2 veker før arrangement skal finna stad.
- 7) Tildeling av ambulerande løyve/løyve for enkelthøve er delegert til rådmannen, jfr delegeringsreglement. (K 066/15)
- 8) Ambulerande løyve/løyve for enkelthøve kan ikkje bli gjeve til lag/organisasjonar når løyvehavar har arrangement der personar under 18 år deltek.
- 9) For ambulerande skjenkeløyve skal det for kvar gong betalast ei minsteavgift * som f.t. er 380,- . Gebyr for skjenkeløyve for enkelthøve (opne arrangement) er kr 800,- frå 01.10.20.
- 10) Fedje kommune gjev følgjande reaksjonar på negative skjenkerapportar ved einskildhøve eller ambulerande løyve, etter kor alvorlege brot det er:
 1. Ingen reaksjon. Einskildhøvet er over, og det er ingenting løyvehavar eller kommunen kan gjere for å rette opp feilen.
 2. Kalle inn løyvehavar til samtale om brota. Gjennomgang av reglane som gjeld og samtale om kva løyvehavar kan gjere for å hindre same feil att.
 3. Kalle inn løyvehavar til samtale og gje skriftleg åtvaring om at viss dette gjentek seg, vil kommunen vurdere å seie nei til neste søknad om einskildløyve.
 4. Gje avslag på neste søknad om einskildhøveløyve/ambulerande løyve. Før nytt løyve vert innvilga, må løyvesøkjar dokumentere tiltak for å hindre brot på skjenkereglane.

Alvorsgraden av brot skal vurderast i forhold til kor mange prikker det ville gje om dette hadde vore eit fast løyve (ref.alkoholforskrifta §10-3):

Reaksjon 1: Tilsvarande 1-2 prikker

Reaksjon 2: Tilsvarande 4 prikker

Reaksjon 3: Tilsvarande 8 prikker

Reaksjon 4: Tilsvarande 12 prikker innan 2år.

*Gebyr ved ambulerande bevilling vert ved sentral forskrift endra jamleg, og Fedje kommune føl forskrifta.